



Stusdal Vvs As  
Apalen 17  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3917 - 17/8173

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
20.03.2017

## Utsleppsløyve minireinseanlegg - gbnr 5/1 Dyrdal

### Administrativt vedtak. Saknr: 120/17

**Tiltakshavar:** Siren Stall  
**Ansvarleg søkjer:** Stusdal VVS AS  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av minireinseanlegg på eigedom gbnr. 5/1 Dyrdal. Anlegget er av typen Biovac FD 5 N PEH, storleik på utsleppet er opplyst til 5 PE. Det vert elles vist til søknad motteke 19.12.16.

#### Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område sett av til LNF-føremål i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023.

#### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon frå arealføremålet. Det ligg føre uttale frå Landbrukssjefen datert 08.11.16 som gjer greie for at tiltaket er i samsvar med LNF-føremålet.

#### Uttale frå anna styresmakt

Det er innhenta uttale frå landbrukssjefen datert 08.11.16.



Det er henta inn slik uttale frå Fylkesmannen i Hordaland – Miljøvern og klimaavdeling, den 16.03.17:

Viser til andre dokument i saka.

Ca. 75 m frå den aktuelle bygningen ligg det eit plott i Naturbase med registrering av fleire fugleartar. Av artslista går det tydeleg fram at dette er eit samlepunkt (representasjonspunkt) for fleire observasjonar gjort i eit større område. Vi kan ikkje sjå at nokon av desse observasjonane er relevante for den aktuelle saka. Fylkesmannen har ingen merknader til tiltaket. Underteikna er biolog, og har lang erfaring med vurdering av informasjon i Naturbase.

### **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart (vedlegg Q 2) dagsett 19.12.16, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

### **Nabovarsel**

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2. Det har ikkje komen merknader til søknaden.

### **Privatrettslege tilhøve**

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar si eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve.

Utløpet frå anlegget går over eigen grunn i eksisterande jordbruksgrøft til elv og vidare til sjø.

### **Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen sin vurdering godkjennast i samsvar med kart dagsett 19.12.16.

### **Reinseløysing**

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD 5 N PEH. Anlegget tilfredsstillar NS EN-12566-3.

Omsøkt reinesløysing stettar krav til utsleppsstad i følsamt/normalt område, med brukarinteresser.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c. Serviceavtale ligg føre.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova.

#### **VEDTAK:**

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsløppsløyve for ein einbustad på eigedom gbnr. 5/1, dvs. inntil 5 PE. Løyve gjeld utsløpp frå minireinseanlegg av typen Biovac FD 5 N PEH. Utsløppsløyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal reinast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før det reinsa avlaupsvatnet vert ført via jordbruksgrøft til elv med heilårleg vassig og vidare til sjø.
2. Anlegget skal plasserast slik som vist på kart dagsett 19.12.16.
3. Reinseanlegget skal plasserast slik at det kan driftast og vedlikehaldast av godkjend føretak.
4. Det skal til ei kvar tid ligge føre serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c.
5. Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsløppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.
6. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Arbeidet med etablering av anlegget kan ikkje ta til før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.

Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining frå anlegget, jf. Forureiningslova § 7.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

### **Ferdigstilling**

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3917**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Kålås & Sønn Byggevarehandel As	Sauvågen 83	5915	HJELMÅS
Siren Stall	Stallavegen 151	5993	OSTEREIDET

#### **Mottakarar:**

Stusdal Vvs As	Apalen 17	5915	HJELMÅS
----------------	-----------	------	---------